

Maratonstart etter 13 år

25.09.2012

Uskedelingen Steinar Kroka (65 år og nyleg pensjonist) var i helga med i Oslo Maraton 13 år etterat han gjorde unna dei 42 195 metrane sist. Han var aktiv på 1990-talet og deltok i 5 maratonar frå 1994 til 1998 I 1999 stilte han opp i Tromsø og fekk den beste tida si nokon gong - 3,30. No er han tilbake, men trur ikkje det er for fullt.Han brukte over 4 timar for første gong.

Når han vart med denne gongen var det ikkje minst fordi Sunnhordland lokka med eit flott pakkeopplegg.

- Det vart tungt?
- Jau, eg opna fint på den første runden, men gjekk på ein skikkeleg smell etter 32 kilometer.Det vart krampe i leggane og eg måtte gå litt på slutten slik at slutt-tida kom opp i 4.03.14 - det var atskillig seinare enn eg hadde tenkt meg.